

Vår referanse	2020/77479-2
Dato	26.11.2020
Sakshandsamar	Trond Wahl
Telefon	40916223
E-post	Trond.olav.wahl@vlfk.no

Fitjar kommune

Engesund Fiskeoppdrett AS - Søknad om anleggsendring lokalitet Dyrholmen Vest i Fitjar kommune

Vestland fylkeskommune send med dette kopi av søknad motteke 16.11.2020 frå Engesund Fiskeoppdrett AS om endring av lokalitet Dyrholmen Vest i Fitjar kommune.

Engesund Fiskeoppdrett AS søker om å slå saman Dyrholmen Vest og Dyrholmen Øst til ein lokalitet, med ein MTB på 1560 tonn. Stålanlegget som i dag er plassert på Dyrholmen Øst vil utvidast med tre bur i lengderetninga, og flyttast noko nord i høve anlegg sin plassering. Ein vil dermed redusere tal lokalitetar utan at den samla MTB for området totalt sett aukar. Det er ikkje søkt om auke i MTB.



Figur. Dyrholmen Vest som omsøkt.

Engesund Fiskeoppdrett AS har fått gjennomført botnkartlegging av området rundt Dyrholmen Vest med multistråle, og dei meiner at det vil vere hensiktsmessig at tæranlegget og stålanlegget byttar plass.

Tiltaket fell inn under vedlegg II i forskrift om konsekvensutgreiingar for tiltak etter sektorlover. Søknaden skal då handsamast etter § 10 i forskrifta. Søkalla vedlegg II-tiltak kan berre påleggast «supplerande utgreiingar» dersom det er venta at tiltaket vil få vesentlege verknader som ikkje allereie er gjort greie for i søknaden.

Fylkeskommunen si vurdering er at miljødokumentasjonen i søknaden gir godt nok grunnlag for å vurdere om tiltaket får vesentleg verknad for miljø og samfunn, jf. vedlegg III i forskrifta.

Dersom berørte parter meiner at tiltaket kan få vesentlege verknader, og disse verknadane ikkje allereie er tilfredsstillande gjort greie for i søknaden, må dette meldast til fylkeskommunen innan 4 veker etter utlysning.

Vestland fylkeskommune ber om at Fitjar kommune vurderer søknaden, samt legg søknaden ut til offentleg ettersyn, i samråd med søkjar, i ein periode på 4 veker. Søknaden skal i denne samanheng annonserast i Norsk Lysingsblad og to aviser som er vanleg lest i området (jf. Forskrift av 22.12.2004 nr. 1798 om tillatelse til akvakultur for laks, ørret og regnbueørret § 8). Faktura for annonseutgifter kan sendast til søkjar.

Eventuelle merknader frå offentleg ettersyn og kommunen si handsaming av saka ber ein om vert send til Vestland fylkeskommune snarast råd (jf. Forskrift om samordning og tidsfristar i handsaming av akvakultursøknader § 4).

Dersom noko er uklart i samband med handsaming av søknaden, ber vi om at De tek kontakt.

Med helsing

Trond Olav Wahl
seniorrådgjevar

Brevet er elektronisk godkjent og har difor inga handskriven underskrift